



Atskana syng i Kvinnherad kyrkje. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje uventa vart konserten med det latviske koret Atskana i Kvinnherad kyrkje laurdag ettermiddag eit kyrkjemusikalsk høgdepunkt av dei sjeldne, for rundt 80 tilhøyrarar. Og ein skal ikkje vera mykje spåmann for å antyda at det kjem eit nytt klimaks sundag ettermiddag i Aktivitetshuset. Det vil ein sikkert kunne kalla eit folkemusikalsk høgdepunkt.



Atskana sørga for eit kyrkjemusikalsk høgdepunkt. Her takkar dei på sin måte for velfortente blommar (Foto: Ola Matti Mathisen)
Ein må verkeleg bli imponert over spennvidda i dette koret og kor store ressursar dei sit inne med både musikalsk og menneskjeleg. Det er i det heile tatt utruleg kva det og andre kor i dei baltiske landa kan prestera med begrensa økonomiske ressursar. Men ein del av forklåringa ligg vel i at dei øver to gonger i veka? Det gjer i alle fall Atskana....



Fascinert av norsk stein: Dirigent Ginta Peterson og Zaiga Lazdina. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I kyrkja (for ein akustikk det er inni dei gamle murane!) serverte latviarane ein nesten halvannan time lang

kyrkjemusikalsk meny. Den hadde ni forrettar før koret kom fram til den verkelege hovudretten, den mektige Choral Messe til Charles Gounod.

Atskana var i tillegg til latviske komponistar innom både Bach, Britten, Rachmaninoff og Nyberg. Også i 'Te Deum i C' fekk koret vise kor grensesprengjande og kraftfullt det syng. Men samstundes kan dei syngja mjukt og varleg.



Gunn Mari baud på kaffe og wienerbrød etter songen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og det stoppa ikkje med røystene - både orgel, piano og fløyte var i bruk.

Zaiga Lazdina spela orgel og piano og Silvija Silava orgel. Sniedze Praulina og Laima Lazdina spela fløyte og var også songsolistar - som fleire andre.

Ein kan godt forstå at Atskana hadde eit ønskje om at det også skulle bli ein kyrkjekonsert i Kvinnherad, for også på dette felt ligg koret på eit svært høgt nivå og legg tydelegvis stor vekt på det.

Alle tre dirigentar var i aksjon under konserten.

Ellers opplevde latviarane ein dag nummer to i kommunen som dei truleg ikkje gløymer så lett fordi dei hadde eit sterkt møte med norsk natur.

Men det starta med spontan-konsert ved SPAR, der Atskana og Røysterett for alle først song kvar for seg og deretter saman - på tre språk! Som takk for den vakre songlege serveringa baud Gunn Mari på servering av kaffe og wienerbrød og hadde i tillegg søtsaker til songarane.

Så gjekk turen frå fjord til fjell. Steinparken gjer sit sterkt inntrykk på folk som kjem frå eit meir steinfritt liv enn vårt og latviarane vart ekstatisk fotoglade då dei kom til Furebergfossen. Men fleire kjende seg heime i Olaløo der lunsjen vart servert.

Det vart ikkje tid til nokon rusletur oppover mot Bondhusvatnet, men gjestene fekk i det minste sjå breen på avstand. Noko slikt hadde dei heller aldri sett.

Og etter kyrkjekonserten var der fest i Helgheim og høve til å bli enda betre kjende med kvarandre. Sundag skal dei bli enda betre kjende med sjølve Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



Kora syng saman ved SPAR. (Fotno: Ola Matti Mathisen)